



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for opplæring

Møtedato: 25.03.2014

Sak nr.: 14/968-2

Internt l.nr.: 9985/14

Sak: 4/14

Tittel: **Revisjon av forskrift til ordensreglement på dei vidaregåande skulane 2014**

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Revidert forskrift til ordensreglement for dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane vert vedteken slik den går fram av vedlegg 1.
2. Forskrifta gjeld frå 01.04.2014.
3. Skuleutvalet vedtek revidert ordensreglement for den ein skilde skulen, i samsvar med revidert forskrift.
4. Dei vidaregåande skulane skal sende revidert ordensreglement til fylkesdirektøren for godkjenning seinast 01.06.2014.

Endringsframlegg:

Alfred Bjørlo (V) fremma følgjande endringsframlegg :

Saka blir utsett. Utvalet ber om å få ei uttale til saka frå Ungdomspolitisk Utval, og å få klargjort høva fylkeskommunen har til å gjere lokale tilpassingar av lovverket, jmf. siste setning i paragraf 27 av ny lov.

Alfred Bjørlo (V) fremma følgjande alternativ til punkt 1:

1. Revidert forskrift til ordensreglement for dei vidaregåande skulane vert vedteken slik den går fram av vedlegg 1, med følgjande endringar:

- Paragraf 18: Forbod mot røykbruk i skulen sine lokale og på skulen sine område, heile døgeret
- Paragraf 19 utgår - dagens praksis med lokal avgjerdsrett på skulane blir vidareført.

Fylkesdirektøren presiserte at datoen i punkt 2 er feil. Rett dato skal vere 01.07.2014. Dette vert retta opp i vedtaket.

Avrøysting:

Det vart røysta over utsettingsframlegget frå Alfred Bjørlo (V):

Alfred Bjørlo (V) røysta for utsettingsframlegget.

Gunn Åmdal Mongstad (Sp), Per Atle Kjøllesdal (Sp), Nils P. Støyva (Ap), Karianne Torvanger (Ap), Henrik Oppen (Ap), Noralv Distad (H) og Frida Melvær (H) og Norvall Nøringset (SV) røysta mot.

Det vart røysta alternativt over framlegg til nytt punkt 1 og framlegget frå fylkesdirektøren.

Alfred Bjørlo (V) røysta for endringsframlegget til nytt punkt 1.

Gunn Åmdal Mongstad (Sp), Per Atle Kjøllesdal (Sp), Nils P. Støyva (Ap), Karianne Torvanger (Ap), Henrik Oppen (Ap), Noralv Distad (H) og Frida Melvær (H) og Norvall Nøringset (SV) røysta for framlegget frå fylkesdirektøren.

Punkt 2-4 i tilrådinga til fylkesdirektøren vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Revidert forskrift til ordensreglement for dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane vert vedteken slik den går fram av vedlegg 1.
2. Forskrifta gjeld frå 01.07.2014.
3. Skuleutvalet vedtek revidert ordensreglement for den einskilde skulen, i samsvar med revidert forskrift.
4. Dei vidaregåande skulane skal sende revidert ordensreglement til fylkesdirektøren for godkjenning seinast 01.06.2014.